



FUSA KOMMUNE

ETTERSENDE SAKER MØTEINNKALLING

Utval: Kommunestyret

Møtestad: Kommunesetnet

Møtedato: 18.02.2016

Tid: Kl. 16:00

Viser til innkallinga.

Dokumenta ligg til offentleg ettersyn på heimasida www.fusa.kommune.no og på biblioteket, Kommunesetnet, Eikelandsosen.

Eikelandsosen, 12.02.16

Atle Kvåle
Ordførar

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Saksliste

Sak nr.	Tittel
017/16	Kommunereformarbeidet i Fusa - status og framdrift.
018/16	Meldingssak - Eit raskare vegsamband frå E 134 til Bergen

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
017/16	Kommunestyret	18.02.2016	ATKV

Sakshandsamar: Berit Fløisand

Arkivsaknr 14/813

Kommunereformarbeidet i Fusa - status og framdrift.

Framlegg til vedtak:

Styringsgruppa vedtok følgjande samrøystes tilråding:

1. Fusa kommune skal i sondering/forhandlingar med Os og Tysnes for å utgreia ei evt. samanslåing til ein kommune.
2. Fusa kommune skal i sonderinger/forhandlingar med Samnanger og Tysnes for å utgreia ei evt. samanslåing til ein kommune.
3. Fusa kommune blir verande som eigen kommune.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Vedlegg:	Tittel	Dok.ID
Dok.dato		
05.02.2016	Kommunereformarbeidet i Fusa	109298

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger/Vurdering:

Det vert vist til vedlagde notat som var eit av fleire grunnlagsdokument då styringsgruppa handsama saka i møte 09.02.2016.

Styringsgruppa vedtok følgjande samrøystes tilråding:

1. Fusa kommune skal i sondering/forhandlingar med Os og Tysnes for å utgreia ei evt. samanslåing til ein kommune.
2. Fusa kommune skal i sonderinger/forhandlingar med Samnanger og Tysnes for å utgreia ei evt. samanslåing til ein kommune.
3. Fusa kommune blir verande som eigen kommune.

To ulike forslag til forhandlingsgruppe vart ikkje votert over i styringsgruppa:

Forhandlingsgruppe blir: ordfører/varaordfører/ 1 frå opposisjonen og Rådmann.

Forhandlingsgruppe blir: ordfører/varaordfører/ 2 frå opposisjonen og Rådmann. Det blir oppnemnt 2 varamenn 1 frå posisjonen og 1 frå opposisjonen



Notat

Til: Styringsgruppa

Frå: Berit Fløisand

Saksnummer
14/813 - 28

Løpenummer
16/1034

Arkivkode
FE-026, TI-&23

Dato
05.02.2016

Kommunereformarbeidet i Fusa Satus og framdrift

Notatet vert lagt fram for styringsgruppa som eit av fleire grunnlagsdokument når dei skal gjera sine vurderingar og gje innstilling til kommunestyret 18. februar 2016:

- Retningsval / Kva kommunar skal Fusa kommune gå i dialog med, med tanke på å utarbeida ein intensjonsavtale for ein ny kommune?
- Samansetjing av forhandlingsutval
- Framdriftsplan

Notatet har og ein gjennomgang av hovudelementa i framlegget til nytt inntektssystem f.o.m. 2017 og i høve til kommunereforma f.o.m. 2020.

Bakgrunn

Kommunereformarbeidet starta opp i 2014 og har gått gjennom ulike fasar fram til i dag. Kommunestyret har gjort vedtak om innhald og aktivitet i dei ulike fasane. I kommunestyresak 3/15 er fasane presentert:



Det vert i same sak gjort vedtak om korleis arbeidet skal organiserast:

Prosjekteigar: Kommunestyret
Styringsgruppe: Formannskapet, supplert med gruppeleiar for Venstre då dette partiet ikkje er representert i formannskapet.

Prosjektansvarleg: Ordføraren
Prosjektleiar: Rådmannen

To tillitsvalde er representert i styringsgruppa, jmf Hovudavtalen § 3-1
Etter valet hausten 2015 er styringsgruppa supplert med uavhengig representant i kommunestyret.

Våren 2015 vart det gitt informasjon og henta inn synspunkt på fleire ulike måtar:

- Ordførar og rådmann hadde sonderingsmøte med aktuelle kommunar.
- Det vart halde 3 folkemøte
- Eige møte med Fusa næringslivslag
- Ordføraren har i møte i Ungdomsrådet og Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne gitt informasjon etter same mal som for folkemøta.
- Rådmannen har orientert tillitsvalde om framdrifta i prosessen i dei faste møta med HTV.
- Leiarmøtet til rådmannen (einingsleiarane) og hovudtillitsvalte har gitt sitt innspel
- Kommunestyret har gitt innspel i møte 07.05.15 - SWOT-analyse + rangering av kriteria.
- Rådmennene i Tysnes, Samnanger, Fusa og ass.rådm. i Os hadde møte 21.05. for å klargjera rammene vedr. utgreiing av eit evt. «Bjørnefjordalternativ», og rådmennene i Kvam, Samnanger og Fusa har hatt tilsvarande møte 01.06. når det gjeld dette alternativet.
- Bergensalliansen har i møte 29.05. fått presentert «Bergenpluss» - Kunnskapsgrunnlag for kommunereformprosess. Sjå vedlegg.

Ovaståande er mellom anna bakteppe for at kommunestyret 18.06.15 gjorde vedtak om at det skal greiast ut 3 hovudalternativ:

- 1) Fusa kommune åleine som i dag.
- 2) Fusa kommune utgreier føresetnader for ein ny Bjørnefjordkommune saman med nabokommunar.
- 3) Fusa, Samnanger og Kvam. Det vert utarbeidd ein rapport for dette alternative.

I vedtaket heiter det også:

Parallelt må ordførar og styringsgruppa følgja opp med drøftingar med dei andre potensielle kommunane i ein ny større kommune. Her kan det og bli aktuelt å ha drøftingar og evt. få utgreidd det som gjeld grensejusteringar mot nabokommunar.

Intensjonen har vore at Fusa kommune på bakgrunn av dei to rapportane og anna grunnlagskunnskap skal gjera eit vegval mellom dei tre hovudalternativa.

Tre ulike vegval

1. Fusa kommune åleine som i dag

Fylkesmannen i Hordaland har i skriv av 15.12.15 presisert ein del moment for det vidare arbeid i kommunane. I dette skrivet heiter det mellom anna:

«Stortinget ynskjer at kommunane i vurderingane sine om korleis framtida vil te seg, legg til grunn eit perspektiv som går over minst 20-30 år. Saksutgreiinga må også fange opp og sannsynleggjere dei utfordringar kommunane vil stå framfor på tvers av alle faglege sektorar innanfor kommunal forvaltning og tenesteproduksjon. Det dreier seg om reell vilje og faktisk evne til både å framskrive trendar og forutsjå endringar som måtte komme i kommunen og dei einskilte lokalsamfunna.»

Det er utfordrande for kommunane å gje ei god vurdering med eit perspektiv på 20-30 år med det faktagrunnlaget ein sit med. God nok økonomi til å yta gode tenester til innbyggjarane vil vera eit grunnleggjande krav til framtida sin kommune. Vi veit korleis inntektssystemet fungerer i dag. For Fusa sin del viser dei økonomiske realitetane at ein over tid har brukt meir pengar enn ein faktisk har til rådvelde. Manglande økonomiske ressursar fører fort til

manglande kapasitet. Kapasitet heng også saman med kompetanse. Aukande krav til spesialkompetanse skapar aukande utfordringar i mindre kommunar. Kommunestyret, tillitsvalde og leiargruppa til rådmannen har laga SWOT-analyse av alle dei tre alternativene. Sjå vedlegg. Dei tillitsvalte hadde fylgjande som oppsummering under svakheiter:

«Økonomi, kompetanse, kvalitet på tjenester, manglende stordriftsfordel.

Truslar: Manglende endringsvilje, dalende inntekter, økende oppgavemengde»

Denne oppsummeringa dekkar for ein stor del også det som kommunestyret og leiargruppa oppsummerte.

Kommuneros som vart vedtatt i kommunestyret i juni 2015 peikar på desse utfordringane for Fusa kommune:

«**Sårbarheit som liten kommuneorganisasjon**: IKT-driftssikkerheit og datatryggleik, kapasitet og kompetanse, vaktordningar, nok fagpersonar, nøkkelpersonar med mange roller og funksjonar, kvalifiserte vikarar, kommuneøkonomi.»

Framlegg til nytt inntektssystem for kommunen er no ute på høyring. Det vi veit om dette så langt er at det vil føra til minkande inntekter for Fusa kommune.

Det er mange fordelar med å vera eigen kommune slik som no. I rapportane som er laga vert det peika på at det vert ytt gode tenester i Fusa. Det er ein oversiktleg kommune med nærleik mellom innbyggjarane og dei som yter tenester til dei. Fusa kommune med eigen administrasjon gjev også fleire lokale arbeidsplassar i noverande kommunesenter enn om ein er del av ein større kommune.

Dersom ein skal sjå 20-30 år fram i tid, kan ein sjå for seg nokre utviklingstrekk:

- Auka bruk av og krav til teknologiske løysingar innan alle område av tenesteproduksjonen til ein kommune.
- Auka krav til spesialkompetanse
- Auka krav til dokumentasjon og kvalitet i tenestene
- Auka krav til effektiv og økonomisk drift

Rådmannen ser at det kan bli ein stor utfordring å løysa dette innafor ramma av det som i dag er Fusa kommune.

2. Bjørnefjordalternativet

Telemarksforskning fekk i oppdrag å laga ein rapport om Bjørnefjordalternativet: Austevoll, Tysnes, Fusa og Os. «Kommunesamanslåing i Bjørnefjordregionen? Føresetnadar og konsekvensar.»

Heile rapporten er tilgjengeleg på heimesida til Fusa kommune.

<https://www.fusa.kommune.no/lokaldemokrati/kommunereforma/>

Rapporten vart presentert i Oseana Os den 10.11.2015. Her var både politisk og administrativt nivå i dei fire kommunane invitert i tillegg til tillitsvalde. Rapporten vart gått gjennom, og det var diskusjon / spørsmål.

I lenka over finn ein heile rapporten og ein kortversjon for dei som vil friska opp kunnskapen.

Hovudpunkta i rapporten er:

Det er fire samanslåingsalternativ som er utgreidd; i) Os + Fusa, ii) Os + Fusa + Tysnes, iii) Os + Fusa + Tysnes + Austevoll og iv) Os + Tysnes.

Kapittel 1 Samfunnsutvikling.

Der er venta vekst i folketalet, særleg på grunn av veksten i Os. Geografien gjer ein avhengig av ferje, men framtidig brusamband vil kunna bidra til å utvikla Bjørnefjorden som ein livskraftig region.

Kapittel 2 Økonomi

Berekningane tek utgangspunkt i noverande inntektssystem. Det vert sett på inndelingstilskot i dei ulike alternativa av samanslåing og samanlikna med det dei aktuelle kommunane har no av frie inntekter. Det er berekna ei viss auke i dei fri inntektene dei fyrste 15 åra. Det er lagt inn potensiale på innsparing på mellom 10-37 mill kroner i sparte utgifter, avhengig av kva kommunar som vert slått saman. Det vert forventa at Os misser veksttilskotet sitt. Dei konkluderer med fylgjande:

«Vi finn likevel ikkje spesielle økonomiske gevinstar på sikt ved nokon av dei fire samanslåingsalternativa.

Det kan derfor synast som naudsynt at ein eventuell samanslått kommune òg vil måtte strukturrasjonalisere på sikt for ikkje å svekke sin økonomiske handlefridom (i form av storleiken

på netto driftsresultatet). Når det er sagt, vil vi likevel òg nemne at dei økonomiske verkemidla

som ligg i kommunereforma, neppe vil vera såpass romslege for eventuelle kommunesamanslåingar

som skjer etter reformperioden. Reformstøtta som vert tilbydd til kommunesamanslåingar vedtekne i reformperioden, og som t.d. vil utgjere 25 mill. kr ved ei samanslåing av alle dei fire

kommunane, er trass alt å oppfatte som ein rein «gåvesjekk» frå staten.»

Kapittel 3 Tenesteyting

Alle kommunane leverer gode tenester. Enkelte utfordringar i kapasitet og rekruttering. Sannsynleg at kapasitetsutfordringane vert noko mindre i ein samanslått kommune.

Kapittel 4 Lokaldemokrati

«Kriteria høg politisk deltaking, lokal politisk styring og lokal identitet er drøfta.

Lokaldemokratiet fungerer generelt godt i alle kommunane i dag. I alle kommunane er valdeltakinga høg. I ein ny, større kommune vil det bli færre kommunestyrerepresentantar per innbyggjar. Etter vårt syn er det likevel grunn til å meine at lokaldemokratiet vil kunne fungere godt ved alle dei aktuelle samanslåingsalternativa, men det må utviklast gode nærdemokratiordningar.

Ny kommune vil ved alle samanslåingsalternativa vere tilstrekkeleg stor til å kunne ta på seg og løyse nye oppgåver.»

3. Fusa, Kvam og Samnanger

Då det er kort tid mellom utsending av rapporten og møte i styringsgruppa, har rådmannen valt å gje ei kort oppsummering av rapporten.

Administrativ rapport om ny kommunestruktur – Fusa, Kvam og Samnanger» er utarbeidd av Kvam herad. Intensjonen var at rapporten skulle vera ferdig hausten 2015. Av ulike grunnar tok dette arbeidet lenger tid. Rapporten vart levert i februar 2016. I mellomtida har nyvalt kommunestyre i Samnanger gjort vedtak om at dei vil stå åleine. Rapporten er difor utarbeida av Kvam, med innspel frå Fusa. Frå Samnanger er det henta inn offisiell statistikk.

Rapporten er ei administrativ samanstilling, som syner dei rammevilkåra kommunane i dag opererer i, og delvis korleis det kan verta i framtida. Han gjev eit godt innblikk i regelverk, forskning på området og erfaringar frå andre.

Nedanfor følgjer ein kortversjon av dei tema rapporten tek for seg.

Kap. 3 i rapporten tek for seg **regelverk** knytt til kommunesamanslåingar, inndelingslova og rettane til dei tilsette.

Inndelingslova set dei juridiske rammene for ei kommunesamanslåing. Å slå saman fleire organisasjonar til éin er ein krevjande prosess, som må starta så tidleg som mogleg etter eit evt. samanslåingsvedtak og verta gjennomført i samarbeid og dialog med tilsette og tillitsvalde i dei aktuelle kommunane. Arbeidsmiljølova kap. 16 regulerer rettane til dei tilsette ved ei kommunesamanslåing.

Ei kommunesamanslåing i seg sjølv gjev ikkje grunnlag for oppseiing av tilsette, men spørsmålet om overtal kan verta aktuelt, ikkje minst for stillingar innan leing og administrasjon. Det er viktig å laga gode retningslinjer for korleis slike spørsmål skal handsamast.

Kap. 4 i rapporten tek for seg **demografi**: Folketalsutvikling, aldersfordeling og tal yrkesaktive pr. eldre fram mot 2040.

Kvam er klart størst og Samnanger minst både i folketal og areal. Aldersfordelinga og tal arbeidsføre i høve til eldre (80+) er nokså lik i dei tre kommunane.

Ny kommune vert ein mellomstor kommune etter SSB si gruppering (5000-19999 innb.). Folketalet i dei tre kommunane er no om lag 15 000 og framskrivingar syner opp mot 17 000 i 2040. Det er ingen særlege endringar i aldersfordeling eller forholdet mellom tal yrkesaktive og eldre over 80 år.

Kap. 5 i rapporten tek for seg **næringsliv og samfunnsutvikling**: Pendling, arbeidsmarknadsintegring, næringsansetjing og potensiale for næringsutvikling.

Det er store skilnader mellom kommunane: I Samnanger har 37 % av dei sysselsette arbeidsstad i heimkommunen, medan talet for Fusa er 67 % og for Kvam 78 %. Samnanger har stor utpendling (63 %), Fusa stor innpendling – nesten like mange pendlar inn som ut (609 mot 651 – 2014-tal). Ingen av dei tre kan seiast å ha «ein tett integrert arbeidsmarknad» med nokon av dei andre. Bergen er den store pendlardestinasjonen for alle tre. Pendlinga frå Fusa går i første rekkje til Bergen (6 %), Sokkelen (2 %) og Os (2 %). 2/3 arbeider i privat og 1/3 i offentleg sektor i Kvam og Fusa, 51 % i offentleg i Samnanger. I Fusa er Framo Fusa den største arbeidsplassen – større enn Fusa kommune. I Fusa bur om lag ¼ i «sentrum» (Eikelandsosen), i Kvam 68 % (Norheimsund og Øystese).

Dagens kommunesenter i Fusa, vil i ulik grad missa kommunale tenester – men struktur og organisering av tenestene er eit politisk val. Ein ny kommune vil kunna få fordelar av samordna næringslivsatsing, og stå som ein sterk aktør samla regionalt. Samstundes skal ein ikkje gløyma at næringsliv og entreprenørskap sjeldan tek omsyn til kommunegrenser.

Kap. 6 i rapporten tek for seg **kommuneøkonomi** – i dei tre kommunane i dag og inndelingstilskot i dei første 15 åra etter ei kommunesamanslåing (kap. 6)

Samanstillinga av kommunane sine finansielle nøkkeltal (driftsinntekter og -utgifter) syner til dels store forskjellar mellom kommunane i dag. Noko kan tilskrivast storleiken på

kommunane – det er dyrare å driva ein liten kommune som Samnanger enn det er å driva Kvam. Ingen av dei tre har eit driftsresultat innanfor tilrådinga på 1,75 %; Kvam har ein forventa minus på -3,2 % i 2015. Fusa har dei lågaste driftsinntektene og -utgiftene pr. innbyggjar, Kvam dei høgaste. Fusa har størst del lønsutgifter (58 % - mot 51 og 52 %). Alle tre har eigedomsskatt; Fusa har lågast sats (2 0/00) og Kvam høgast (4 0/00) på bustad. Fusa har større inntekt frå eigedomsskatt på næring enn på bustad, medan Kvam er omvendt. Fusa har minst inntekter frå konsesjonskraft. Kvam har investert mykje dei siste åra og har klart høgast netto lånegjeld pr. innbyggjar, medan Fusa har lågast.

Det er for mange usikre faktorar til at ein kan seia noko sikkert om følgjene for kommuneøkonomien i ein ny kommune. Nytt inntektssystem er ute på høyring: kva blir rammetilskotet, kva blir skatteinngang og kraftprisar? Vi veit heller ikkje korleis en ny kommune vel å organisera tenestene sine. Det vi kan vita er kva kommunane vil få i dei første 20 åra av ei kommunesamanslåing, då kommunane får behalda statlege tilskot som om ein framleis var to eller fleire kommunar i 15 år (med nedtrapping i 5 år) etter samanslåinga. Dei samla driftsinntektene for dei tre er på i underkant av 1,2 milliardar kroner. Dette vil vera utgangspunktet for berekningane av samla inntekt for den nye kommunen dei første 15 åra. Det vil vera stort potensial for innsparing for nokre av sektorane ved ei samanslåing, særleg innan administrasjon og styring (sjå neste pkt.).

Kap. 7 i rapporten tek for seg **kommunen som tenesteytar**: Omtale av pleie og omsorg, sosialteneste, grunnskule, barnehage og administrasjon. Moglege innsparingar vert vurderte, og døme på interkommunale samarbeid lista opp.

På grunn av skilnaden mellom kommunane i folketal og økonomiske føresetnadar, varierer som venta ressursbruken mellom kommunane for dei ulike sektorane. Sentraladministrasjonen/rådmannen sin stab/fellestenestene er iflg. rapporten den delen av ein kommune si verksemd som har størst innsparingspotensial ved ei kommunesamanslåing. Dei tre kommunane inngår i ei rekkje større og mindre interkommunale samarbeid for å dekkja opp for manglande fagkompetanse/spesialkompetanse eller kapasitet, eller der kommunane ønskjer å oppnå stordriftsfordelar.

Ein større kommune gjev større og meir robuste fagmiljø innan område som i dag er små og sårbare, t.d. i situasjonar knytt til sjukdom og når folk sluttar i stillinga si; i høve til større grad av spesialisering og betre kvalitet; ikkje minst for framtidig rekruttering av personell. For tenester som krev ein viss distanse mellom brukar og sakshandsamar, kan dette vera fagleg positivt, men opplevast negativt for innbyggjarane/brukarane. Dersom tenestetilboda ligg lenger vekke geografisk, kan det òg opplevast som ein større «menneskeleg» avstand, og terskelen for å nytta seg av dei kommunale tenestetilboda vil difor kunna opplevast som høgare enn i dag. Det er eit betydeleg potensial for innsparingar samanlikna med dagens samla situasjon, ikkje minst innan administrasjon og styring. Økonomiske midlar som vert frigjorde gjennom innsparingar og effektiviseringstiltak, vil kunna nyttast til å gje betre tenestetilbod til innbyggjarane i ein eventuell ny kommune. I høve til interkommunalt samarbeid må det forventast at ein eventuell ny og større kommune vil utføra fleire av oppgåvene sine sjølv enn samanlikna med i dag.

Kap. 8 i rapporten tek for seg **identitet** og tilknytning til stad, språkform, frivillig sektor og idrett

Lokal identitet og tilhøyrslle handlar om relasjonar mellom menneske og stader. Menneske kan kjenna tilhøyrslle til fleire stader og på ulike måtar. Forsking syner at trass i globalisering og auka mobilitet, er tilknytninga til noverande bustad sterk hjå folk (Norsk institutt for by- og

regionsforskning – NIBR). Ein skil mellom emosjonell og funksjonell/instrumentell tilknytning. Det tek lang tid å etablera kjensla av å høyra til ein stad («emosjonell stedstilhørighet»). Menneske som er kjenslemessig knytt til bustadkommunen sin, kan samtidig ha funksjonelle knytingar til nabokommunane gjennom arbeidsplass, handel, offentlege og private tenester, idrett og kulturopplevingar, rekreasjonsområde osb. Rapporten stiller spørsmålet om det vil gjera nokon skilnad om plassen er ein eigen kommune eller del av ein større kommune? Og er det slik at argumenta for større kommunar i størst grad er såkalla rasjonelle argument om funksjonar og tenester, medan argumenta for å halda fram som før, har sitt utspring i emosjonelle band og tilknytningar til kommunen ein bur i? Er det hovudet eller hjarta som er viktigast?

Langvarig samhandling over kommunegrensene spelar ei rolle i å byggja interkommunal identitet. Pendling/reising over kommunegrensa i samband med arbeid, handel og skule, og vellukka interkommunalt samarbeid er gode døme på slik samhandling. Pendleretninga til folk i Fusa går i dag i liten grad mot Kvam, i større grad mot Os og Bergen.

Kap. 9 i rapporten tek for seg kommunen som **demokratisk arena**.

Forskinga på området viser ikkje enkle og eintydige samanhengar mellom kommunestruktur og demokrati. På den eine sida vert det hevda at små kommunar gjev større høve for deltaking i folkevalde verv og utvikling av politisk engasjement. Undersøkingar viser at det politiske handlingsrommet er større i større kommunar – dei har størst eigenfinansiering og større høve til å finansiera tiltak som strekkjer seg lengre enn kommunen sine kjerneoppgåver. I små kommunar er det politisk sett utfordringar i høve til inhabilitet, og eit lite politisk handlingsrom gjer det vanskeleg å rekruttera folk inn i kommunepolitikken. Fusa har høgast valdeltaking (67,5 %), Kvam lågast (64,4 %).

Minimumstalet på medlemmer i kommunestyret i den nye kommunen vil vera 27. Det vert store endringar i forholdstalet politikar pr. innbyggjar (Fusa: 182, Kvam: 318 – ny kommune: 334-510 innb.). Dette vil kunna føra til at innbyggjarane opplever auka avstand til dei folkevalde, og kan føra med seg utfordringar knytt til representasjon frå «utkantane» og område med lågast folketal i kommunen. Lågare politisk representasjon pr. innbyggjar kan utløysa behov for å ta i bruk andre former for innbyggjarmedverknad i tillegg til den tradisjonelle representative kanalen, gjennom ulike typar nær-demokratiske ordningar.

Endringar i inntektssystemet – venta utslag

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet har sendt eit forslag til nytt inntektssystem for kommunane ut på høyring, med høyringsfrist 1. mars 2016. Forslaget som er sendt ut gjev ikkje eit eintydig svar på kva konsekvensane vert for den einskilde kommune; det vil først vera klart i kommuneproposisjonen for 2017 som vert lagt fram i mai.

Sjå vedlegg for å lesa heile eller ein kortversjon av framlegget, lenke finn du her:

<https://www.fusa.kommune.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=374&FilId=1633>

Når det skal gjerast endringar i inntektssystemet for kommunane, er det eit nullsumsspel. Dersom nokon skal få meir, så er det nokon som må få mindre; summen skal heile tida vera «100».

I høyringsnotatet vert desse forslaga presentert:

- Nye kostnadsnøklar for kommunane som også inneheld ein ny modell der det skal skiljast mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulemper
- Endringar i dei regionalpolitiske tilskota
- Oppsummering av skatteelementa i inntektssystemet

Forslaget må sjåast i samanheng med arbeidet med kommunestruktur. Eit av prinsippa er at det skal ikkje «lønna seg å vera liten».

I gjeldande inntektssystem finst det ein mekanisme for forseinking av store endringar – **INGAR** - som sikrar at ingen kommunar får ei «endring» over eit visst nivå. Det gjer at dersom endringane er store, kan det ta to-tre år før den er tatt fullt ut. Det er det ikkje tatt omsyn til her.

Forslaget til nytt inntektssystem vil gjelda frå året 2017, men ein eventuell kommunesamanslåing vil først vere frå 2020.

Kostnadsnøkklane – effekt for utgiftsutjamninga

I høyringsnotatet er det lagt fram eit forslag til ny kostnadsnøkkel for kommunane. Det er utført nye analysar av variasjonane i kommunane sine utgifter på alle sektorar som inngår i utgiftsutjamninga, og det blir foreslått endringar i alle delkostnadsnøkklane i tråd med desse. Norske kommunar er svært ulike i storleik, geografi og befolkningssamansetjing. Dette påverkar både behovet for og kostnadane ved å tilby kommunale tenester. Målet med utgiftsutjamninga er å setja kommunane i stand til å gje innbyggjarane likeverdige og gode tenester. For at kostnadsnøkklane skal fanga opp endringar i befolkningssamansetjing, levekår, reiseavstandar og andre strukturelle forhold, bør desse oppdaterast jamleg.

Det er gjort ein total gjennomgang av kostnadsnøkkelene for berekninga av kommunane sin kostnadsindeks. Kommunar som får ein kostnadsindeks som er høgare enn 100 får tilført ekstra midlar i utgiftsutjamninga. Dei som har kostnadsindeks mindre enn 100 må gje frå seg. Dette er eit nullsumspel. Kostnadsnøkkelene inneheld eit sett med ulike faktorar som skal vektleiggast, og summen av dei skal vere 1,0000. Vekta til basiskriteriet er ikkje bestemt; det vil vere avhengig av kven av dei tre grenseverdiane for strukturkriteriet som vert valt. Det gjer at kostnadsnøkkelene som er lagt fram kan endra seg. Endringar i kostnadsnøkkelene kan gje relativt store endringar i kommunen sine inntekter.

For Fusa sin del medfører desse endringane ein reduksjon på ca. 3,5 mill. kroner. Dei største utslaga får vi når det gjeld nedvekting av innbyggjarar over 90 år og psykisk utviklingshemma f.o.m. 16 år. Dette siste vil ha konsekvensar for toppfinansieringa når det gjeld ressurskrevjande brukarar. Når det gjeld landbruk fjernar ein areal dyrka mark som kriterium og vektar opp tal jordbruksbedrifter.

På den andre sida vektar ein opp m.a. innbyggjarar 16 – 66 år, flyktingar utan integreringstilskot og uføre 18-49 år.

Kommunenivå – basistilskot

I dagens system får alle kommunar eit basistilskot på om lag 13,2 mill. kr., uavhengig av tal innbyggjarar. Basistilskotet betyr mest for dei små kommunane og er å sjå på som ei inntekt for å dekkja administrasjon. Kommunar med meir enn 12.000 innbyggjarar vil tene på at basistilskotet blir fordelt med eit likt beløp pr innbyggjar.

I forslaget som er sendt ut vil ein framleis behalda basistilskottet, men det er berre dei kommunane som ufrivillig er «små» kommunar som vil få eit uavkorta basistilskot.

Kriteriet som er brukt vert kalla **strukturkriteriet** og baserer seg på gjennomsnittsavstanden i kommunen for å nå 5.000 innbyggjarar (uavhengig av kommunegrense). Kor langt må ein gjennomsnittsinbyggjar i kommunen reise for å nå 5 000 innbyggjarar? Dersom ein må nytta ferje, er den avstanden vektlagt meir. Kommunen sin verdi på strukturkriteriet vert sett på som ein indikasjon på i kva grad smådriftsulempene er å sjå på som frivillige.

Det er i høyringa sett opp tre ulike forslag til grenseverdiar på strukturkriteriet:

- 13,3 km
- 16,5 km
- 25,4 km

Dei kommunane som har lågare verdi enn grenseverdien er «frivillig» små. Fusa har fått ein verdi på 19,7.

Dei kommunane som har ein verdi på strukturkriteriet som er under grenseverdien vil få inndratt ein del av basistilskotet. Det neste som skjer er at det som vert inndratt av basistilskott vert fordelt ut att på alle kommunar, også dei som ikkje har blitt trekt. Det er samla sett 2,5 milliardar kroner, eller 538 kr pr innbyggjar, som vert fordelt tilbake på denne måten.

Dette gjev følgjande nettoeffekt for Fusa kommune i kroner, med dei ulike grenseverdiene for strukturkriteriet (dvs. ein har her rekna inn verknaden av endra kostnadsnøklar - minus kr. 3,5 mill):

- 13,3 km: - 2,3 mill
- 16,5 km: - 2,1 mill
- 25,4 mill: - 4,8 mill

Meir om nytt inntektssystem og verknaden av dette finn du på heimesida til KS: Her er lenke til tabellar for Hordaland:

<http://www.ks.no/contentassets/19743f615b8142bc926e6fa260298436/hordaland-okonomiske-utslag.pdf?id=41277>

Ser ein på heile landet, så er trenden i forslaget slik:

- Dei minste kommunane får ein svak positiv gevinst – har som oftast ein avstand som er lenger enn grenseverdien
- Dei største kommunane kjem positivt ut > 30.000 innbyggjarar
- Dei som ligg i midten, kjem negativt ut

Det er ikkje mogleg å gje eit fullstendig svar på kva det nye inntektssystemet vil bety, fordi det manglar tal på m.a. *regionalpolitisk tilskot* (distriktsindeks, småkommunetillegg, storbytilskotet). Omlegginga som er skissert av det regionalpolitiske tilskotet vil truleg ha størst betydning for kommunar med færre enn 3 200 innbyggjarar, og dermed i mindre grad for Fusa.

Høyringsframlegget gjev ikkje eit fullstendig svar på kva resultatet vert for den enkelte kommune. Dette vil først vera klart når kommuneproposisjonen for 2017 vert lagt fram i mai. Når det gjeld skatteelementa i inntektssystemet, er dette omtala i eit eige kapittel 7 i høyringsnotatet (frå side 73). Det vert her m.a. sagt at når det gjeld selskapsskatten, så vil kommunane f.o.m. 2017 bli tilført inntekter via ein ny modell for selskapsskatt.

Departementet kjem med meir om dette i kommuneproposisjonen 2017 som kjem i mai. Ved **samanslåing av kommunar** får den nye kommunen **eit inndelingstilskot** som vil erstatta

bortfall av basistilskot og eventuelle småkommunetilskot. Inndelingstilskotet vert gjeve til samanslåtte kommunar i 15 år med ein nedtrapping dei neste 5 åra.

Den nye kommunen som består av N (tal) kommunar som slår seg saman, vil få berekna eit basistilskot etter det nye inntektssystemet. I tillegg vil den behalda basistilskota slik dei er berekna i inndelingstilskottet i dag i 15 år framover for N-1 kommunar, for så å trappast ned over 5 år. Dersom tre kommunar slår seg saman vil det bli berekna basistilskott for den nye kommunen etter nytt inntektssystem + 2 x basistilskott etter gamalt inntektssystem (inndelingstilskottet = 2 x 13,2 mill. kr).

Utslag av høyringsframlegget til nytt inntektssystem for ein Bjørnefjordkommune

(Tysnes, Os og Fusa):

Vi har bedt KS har laga utrekningar som illustrasjon på korleis eit evt. vedtak om kommunesamanslåing før 1.7.2016 kan verka inn på dei frie inntektene i nytt inntektssystem. Tala er naturleg nok ikkje eksakte og gjev berre ein peikepinn. Utrekninga byggjer på ein del usikre føresetnader knytt til inntektssystemet.

Eingongstilskot og reformstøtte på totalt kr 55 mill, som vil koma ved vedtak om samanslåing før 1.7.2016 og elles ikkje, er **ikkje medrekna** i oppsetta.

Reiseavstand 25,4 km	År 1-15	År 16	År 17	År 18	År 19	År 20 - ..
Sum inntektstap i mill kr	786	7 153	13 519	19 886	26 253	32 620
Inntektstap v/vedtak om samanslåing etter 1.7.2016	5 305	10 768	16 231	21 694	27 157	32 620

Reiseavstand 16,5 km	År 1-15	År 16	År 17	År 18	År 19	År 20 - ..
Sum inntektstap i mill kr	3 577	9 944	16 311	22 678	29 045	35 412
Inntektstap v/vedtak om samanslåing etter 1.7.2016	5 305	11 326	17 348	23 369	29 390	35 412

Reiseavstand 13,3 km	År 1-15	År 16	År 17	År 18	År 19	År 20 - ..
Sum inntektstap i mill kr	2 657	9 024	15 391	21 757	28 124	34 491
Inntektstap v/vedtak om samanslåing	5 305	11 142	16 979	22 817	28 654	34 491

etter 1.7.2016						
----------------	--	--	--	--	--	--

NB! Det nye inntektssystemet gjeld fullt ut for alle kommunar f.o.m. 2017 – sjølv om ein har gjort sine vedtak før 01.07.2016. I tabellane ovanfor er år 1 = år 2020.

Grensejustering

Grensejustering mot Kvinnherad har vore eit tema i diskusjonane om kommunereforma i Fusa. Det vil seia at den delen av Kvinnherad som ligg på vestsida av Hardangerfjorden vert overført til Fusa, eller Fusa i lag med andre kommunar. I sonderingsfasen våren 2015, var det samtale med ordførar i Kvinnherad om dette. Det er ikkje signal på at Kvinnherad vil gje slepp på desse områda.

Fylkesmannen skriv om grensejusteringar i sitt brev av 15.12.15:

«Spørsmål om eventuelle grensejusteringar skal ikkje takast opp som eiga sak , men vere ein del av den friviljuge reformprosessen. Det er viktig at saka og saksunderlaget er best mogeleg opplyst i det aktuelle området når ho kjem til handsaming i regjering og storting. Etter vår oppfatning inneber det at kommunar som etter ei samla vurdering vel å stå åleine, bør grunnge sine standpunkt overfor regjering og storting basert på utgreiingar i reformprosessen.»

Vedr. økonomiske konsekvensar av andre eventuelle alternativ.

Styringsgruppa gjorde i møte 07.01 m.a. slikt vedtak:

«Eitt alternativ med ein kommune med 5000-5500 innbyggjarar»

Dei modellane som er laga for å rekna konsekvensane av nytt inntektssystem tek utgangspunkt i noverande kommunestruktur. Inne i desse modellane ligg det mange parameter som alderssamansetjing, avstandar med meir. Difor kan ein ikkje ta utgangspunkt i eit gitt folketal for å berekna kva ein ny kommune vil få i inntekt i det nye inntektssystemet. Det næraste ein kjem svar på dette er å sjå til dei berekningane som er gjort frå KS – jfr. lenke framom – tabellar for Hordaland. Her finn ein og tabellar for kommunar i heile landet.

Vurdering av alternativa

I kolonnane under vert dei tre hovudalternativa samanlikna med kvarandre. Det er teke utgangspunkt i hovudpunkta frå rapporten som gjeld Fusa, Kvam og Samnanger.

Ekspertutvalet for kommunereform har sett opp ti kriteria for kommunane – som alle kommunar må vurdere:

1. Tilstreккеleg kapasitet
2. Relevant kompetanse
3. Tilstreккеleg distanse
4. Effektiv tenesteproduksjon

5. Økonomisk soliditet
6. Valfridom
7. Funksjonelle samfunnsutviklingsområde
8. Høg politisk deltaking
9. Lokal politisk styring
10. Lokal identitet

Kommunestyret, rådmannen si leiargruppe og dei tillitsvalte har laga ei eiga vurdering av kva dei meiner er viktigast av desse kriteria. SWOT-analysar laga av kommunestyret, rådmannen si leiargruppe og hovudtillitsvalde våren 2015

Tabellen nedanfor må lesast med bakteppe frå rapportar, SWOT-analyser, kriterievurdering og andre moment i saka.

	1. Fusa åleine	2. Bjørnefjorden	3. Fusa - Kvam – Samnanger
Regelverk	Ikkje relevant.	Ikkje noko som skulle tilseia at ein bør – eller ikkje bør – velja dette alternativet framfor alternativ 3.	Ikkje noko som skulle tilseia at ein bør – eller ikkje bør – velja dette alternativet framfor alternativ 2.
Demografi	Det er forventa svak auke i folketal.	Med Os vil det bli ein stor kommune, med stort vekstpotensiale. Ut frå dagens folketal vel 25 000 innbyggjarar. Lik Tysnes i aldersfordeling, men ulik Os. Samla vil kommunen få ei yngre befolkning.	Desse tre hadde blitt ein mellomstor kommune folketal på ca 15 000 no, ca 17 000 i 2040. Lik aldersfordeling i desse tre kommunane.
Næringsliv og samfunnsutvikling	Fusa har eit sterkt næringsliv. 67% av sysselsette arbeidar i heimkommunen, nesten like mange pendlar inn som ut.	Samarbeid retning Bergen og Os vil kunna styrkja næringsgrunnlaget vårt. Hovudpendlinga vår går i retning Bergen/Os + Nordsjøen.	Det er noko pendling mellom dei tre kommunane, men for Fusa sin del er det svært lite pendling mot dei to andre kommunane.
Kommuneøkonomi	Å stå åleine vil vera utfordrande med det ein no veit om nytt inntektsystem.	Potensiale for effektivisering og betre grunnlag for naudsynt kapasitet og kompetanse.	Potensiale for effektivisering. t av nytt inntektssystem.
Kommunen som	Gode tenester i dag, men avhengig av	Større fagmiljø, meir spesialisering,	Større fagmiljø, meir spesialisering,

tenesteytar	<p>økonomiske rammer.</p> <p>Sårbare med omsyn til kapasitet og kompetanse på ein del fagområde.</p> <p>Små fagmiljø.</p> <p>Generalistar.</p>	<p>geografisk og "menneskeleg" distanse til ymse tenester på godt og vondt. Betydeleg innsparingspotensial og mindre behov for å løysa oppgåver via interkommunalt samarbeid.</p> <p>Mykje samarbeid med Os: landbruk, kulturskule, Kols- og diabetesteam, bibliotek, Midthordland kompetanseregion m.m.</p> <p>Samarbeid med landbruk med Tysnes og Os.</p>	<p>geografisk og "menneskeleg" distanse til ymse tenester på godt og vondt.</p> <p>Innsparingspotensial og mindre behov for å løysa oppgåver via interkommunalt samarbeid.</p> <p>Lite samarbeid med Kvam i dag.</p>
Identitet	<p>Sidan 1964 har det blitt bygt opp ein Fusaidentitet.</p> <p>Bygdeidentiteten er framleis sterk.</p>	<p>For å lukkast med å byggja opp ein ny «interkommunal identitet» vert det understreka at langvarig samhandling over kommunegrensene spelar ei viktig rolle. Pendling/reising over kommunegrensa i samband med arbeid, handel, skule og kulturtilbod går i dag i stor grad mot Os og Bergen for dei fleste fusingar. Vellukka interkommunalt samarbeid vert òg trekt fram – og Fusa har meir slikt samarbeid med midthordlands-kommunane enn med Kvam. Felles lokalavis med Os frå 1972.</p>	<p>Pendling/reising over kommunegrensa i samband med arbeid, handel, skule og kulturtilbod går i dag i liten grad mot Kvam for dei fleste fusingar.</p> <p>Fusa har formelt og uformelt samarbeid med Samnanger, men i svært liten grad mot Kvam.</p>
Kommunen som demokratisk arena	<p>Ikkje noko som skulle tilseia at ein bør – eller ikkje bør – velja dette alternativet framfor noko anna.</p>	<p>Ikkje noko som skulle tilseia at ein bør – eller ikkje bør – velja dette alternativet framfor noko anna.</p> <p>Kan kompensera for lågare politisk representasjon pr. innbyggjar ved ulike</p>	<p>Ikkje noko som skulle tilseia at ein bør – eller ikkje bør – velja dette alternativet framfor noko anna.</p> <p>Kan kompensera for lågare politisk representasjon pr.</p>

		typar nærdemokratiske ordningar	innbyggjar ved ulike typar nærdemokratiske ordningar
--	--	---------------------------------	--

Oppsummering

Når ein skal vurdera dei ulike alternativa opp mot kvarandre, bør ein ha overordna styringssignal med seg. Vurderingane skal gjerast med eit perspektiv på 20-30 år. Utgreiingane og eigenvurderingane seier noko om kva som er status i dag om Fusa står åleine eller om ein skal søkja samarbeid med andre kommunar. Det er utfordrande å tenkja seg kva utvikling ein vil få i løpet av dei neste 30 åra, men perspektivet må vera slik det vert slått fast i samfunnsdelen av kommuneplanen for 2011-2023: Det som skal vera styrande for organiseringa vår, er å kunna yta best moglege tenester til innbyggjarane i Fusa.

I samfunnsdelen heiter det også: «Ved eit eventuelt krav om kommunesamanslåing i perioden 2011-2023, skal vi orientera oss mot kommunar i Bergensalliansen» (s. 48).

Struktur og organisering av tenestene er eit politisk val – uansett kva alternativ ein endar opp med å velja.

Historisk og kulturelt har Fusa lange tradisjonar for samarbeid med Os og Samnanger. Frå formannskapslovene i 1837 til 1855 var vi saman med Samnanger del av Ous kommune. I nyare tid har vi hatt felles lokalavis sidan 1972 (Midhordland, Os og Fusaposten frå 1987). Fusaungdom har vald Os som skulestad for vidaregåande skule frå Os gymnas vart grunnlagt i 1966, og noverande Fusa vgs starta som filial under Os vgs.

Det er for tida eit press frå overordna myndigheiter på at kommunane må finna saman til større einingar. Det er også verd å merka seg at Fylkesmannen i sitt brev av 15.12.15 seier: «Det er viktig at saka og saksunderlaget er best mogeleg opplyst i det aktuelle området når ho kjem til handsaming i regjering og storting. Etter vår oppfatning inneber det at kommunar som etter ei samla vurdering vel å stå åleine, bør grunnkje sine standpunkt overfor regjering og storting basert på utgreiingar i reformprosessen.»

Kommunestyret i Tysnes har gjort vedtak om at Bjørnefjordalternativet vert drøfta vidare saman med kommunane Os, Fusa og Austevoll.

Os kommune si styringsgruppe går inn for vidare prosess med Bjørnefjordalternativet.

Austevoll har ikkje gjort politiske vedtak, men signal derifrå tilseier at dei ynskjer å vera eigen kommune.

Samnanger kommune har eit politisk vedtak om at arbeidet med kommunesamanslåing vart avslutta i desember 2015 og er såleis ikkje lenger ein aktuell samarbeidspart. Eit samarbeid med Kvam utan Samnanger vil bli haltande.

Med dette bakteppet er det eitt alternativ som peikar seg ut – dvs. å venda seg til Os og Tysnes og gå i dialog med dei om korleis ein ny kommune kan riggast. Det er viktig med god prosess i dette arbeidet.

Framdrift av vidare arbeid

I møte mellom ordførarar i Fusa, Os og Tysnes i desember, fekk rådmennene mandat til å laga framdriftsplan for å nå ei slutthandsaming i juni 2016 og å framskaffa gode malar for intensjonsavtalar. Med denne bakgrunn vert følgjande skissert:

Februar - mars

Møte i styringsgruppa 09.02 – Innstilling til kommunestyret.

Vedtak i kommunestyret 18.02

Utkast til intensjonsavtale

Forankring: april

Intensjonsavtalen må forankrast i den einskilde kommune

Medverknadsprosess april – mai

Medverknadsprosess og innbyggjardialog.

Forhandlingar: april - mai

Det må liggja føre ein forhandla avtale innan utgongen av mai.

Sluttvurdering: juni

Avtale vert lagt fram for kommunestyra for endeleg vedtak. Medio juni.

Forhandlingsutval

Ordførarane sitt møte i desember utarbeidde fylgjande framlegg til samansetjing av forhandlingsutval:

Ordførar – Varaordførar – Opposisjonsleiar – Rådmann, frå kvar kommune.

I tillegg ein tillitsvalt frå dei 3 største hovudsamanslutningane. Dei tillitsvalte i Fusa, Os og Tysnes er i dialog om kva forbund som skal representera kva kommune. Det vert forventa tilbakemelding i slutten av veke 5 på kven som vert valt.

Møtepunkt for tillitsvalde i prosessen framover, vert i tillegg til forhandlingsutvalet:

- Styringsgruppa der 2 tillitsvalde er representert
- Ordinære møte mellom rådmann og tillitsvalte

05.02.2016

Berit Fløisand
Rådmann

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
018/16	Kommunestyret	18.02.2016	ATKV

Sakshandsamar: Atle Kvåle

Arkivsaknr 15/1391

Meldingssak - Eit raskare vegsamband frå E 134 til Bergen

Framlegg til vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Kommunestyret

Saksdokument:
Vedlegg:

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger/vurdering:

I ekstramøte i formannskapet 09.02.16 vart det gjort følgjande handsaming og vedtak:

Forslag til vedtak frå ordførar Atle Kvåle, Ap, var samrøystes vedteke:

«Fusa formannskap løyver kr 150.000 i samsvar med søknad og skriv om eit raskare vegsamband frå E134 til Bergen. Dekning frå næringsfondet.
Saka går som meldingssak til kommunestyret.»

Ordføraren orienterte om saka med utgangspunkt i følgjande skriv frå

Dagleg leiar E134 Haukelivegen AS:

«Eit raskare vegsamband frå E134 til Bergen.

Bakgrunn.

For alle kommunar i Hordaland er det viktig med gode vegsamband inn til fylket, seg i mellom og inn mot fylkeshovudstaden. Her er det mange behov og mange løysingar som må til. Store statlege satsingar framover er mellom anna på E39 og E16, men også fylkeskommunen satsar mykje. Med lokale og fylkeskommunale midlar i kombinasjon med bompengefinansiering er det i dette området satsa store beløp dei siste åra. M.a. er Folgefonntunnelen, Jondalstunnelen og Tyssetunnelen bygd, FV48 er rusta opp og det er bygd nytt fergeleie på Årsnes. Trass i store investeringar, eit område med til dels lang og tungvinn veg til Bergen, er den søraustre delen av Hordaland.

Aust-vestutgreiinga.

For om lag eit år sidan la Statens vegvesen fram si tilråding om framtidige hovudsamband aust-vest i Sør-Norge. For sørsida av Hardangervidda blei det anbefalt å satse på E134, der E134 i framtida skal gå både til Haugesund (som i dag) og Bergen. Tanken om E134 til Bergen hadde for elles eit breitt fleirtal på Stortinget då inneverande NTP blei handsama våren 2013.

Statens vegvesen foreslo at nøyare vurdering av mulige traséar på strekninga E134 – Bergen skulle gjerast gjennom ein KVU – konseptvalutgreiing. Vegvesenet fann i alle fall at ein moderne, fergefri veg frå E134 til Bergen var svært lønnsam med 14 mrd i netto nytte.

Regjeringa sin delkonklusjon.

Den 18. desember 2015 kom regjeringa med ein delkonklusjon på aust-vestutgreiinga. E134 Drammen-Haugesund blir anbefalt som det eine aust-vestsambandet det bør satsast på. Derimot var det ikkje fleirtal i stortingsgruppene til dei 2 regjeringspartia for å inkludere «arm til Bergen» i vedtaket og å gjennomføre ein KVU for nærare avklaring av traséval. Denne konklusjonen krev aktivt arbeid vidare viss vi vil fremje dette sambandet.

Lokale og regionale verknader.

I aust-vestutgreiinga var Vegvesenet mest opptatt at nasjonale omsyn og å effektivisere trafikken gjennom kortare avstandar og raskare kjøretid. Ut frå dette har ein så berekna trafikantnytte m.m. Dei same investeringstiltaka har også den effekten at dei kortar ned dei interne reiseavstandane. Dette medfører nye muligheter for næringslivet (rekruttering, marknad, kostnadsreduksjon) og for folk flest (arbeid, kulturopplevingar, utdanning, helse, service og handel).

Ulike lokale og regionale effektar må dokumenterast og kvantifiserast viss dei skal få verknad for vidare arbeid med dette sambandet. Staten vil ikkje gjere dette, men kommunane kan få dette gjort om dei vil. Vi trur at vi vil trenge god dokumentasjon på dette framover. Vår anbefaling er derfor at kommunane finansierer ei slik utgreiing og at denne blir ferdigstilt raskt (i løpet av april).

Finansiering av utgreiingsarbeidet.

På grunnlag av sonderingar i marknaden og etter drøfting med kommunane har vi blitt samde om i fellesskap å finansiere 1 mill kr til dette føremålet. Denne kostnaden må delast på kommunane. Vi har tatt utgangspunkt i ein fast del og ein del som er avhengig av innbyggjartal. I tillegg er beløpa avrunda og tilpassa det vi trur er realistisk å få til. Forslag til kostnadsdeling blir då slik:

Fusa	150 000	Jondal	100 000
Samnanger	100 000	Odda	300 000
Kvam	300 000	Ullensvang	50 000

»